



Isdalstø Anleggsservice As
Stølen 9
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1090 - 23/10645

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 220/10 Store Urdal

Tiltak: Naust
Byggjestad: Gbnr: 220/10
Tiltakshavar: Steinar Mørch
Ansvarleg søkjar: Isdalstø Anleggsservice As


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.02.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dersom det er ynskjeleg at søknaden skal handsamast som ein ett-trinn søknad, må søknaden supplerast med ansvarsrettar knytt til dei ulike tiltaka/ fagområda.
2. Det må gjerast greie for om tiltaket krev løyve til mudring, dumping eller utfylling i sjø. Kommunen rår til at De tar kontakt med Statsforvaltaren ved behov for avklaring.
3. Høgde på nausta stettar ikkje § 3.2 punkt 2. b. Tillat mønehøgde på nausta er sett til maks 5,0 meter. Slik nausta no er utforma med ei høgde på 5,38 m, er det naudsynt å søkje dispensasjon frå nemnte føresegn. Dersom De ikkje ynskjer å søke dispensasjon, kan søknaden supplerast med reviderte teikningar av nausta, med maks mønehøgde på inntil 5,0 meter. Kommunen tilrår dette.
4. Omsyn til auka havnivåstigning og stormflo må gjerast greie for. Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB) har rettleiar med omsyn til havnivåstigning og stormflo. De kan nytte denne lenka:
<https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/veiledere-handboker-og-informasjonsmateriell/veiledere/havnivastigning-og-stormflo.pdf>
5. Kotehøgder på kai og naust må visast på snitt teikningar.
6. Nytt og opphavelig terreng skal gå fram på teikning.
7. Høgdeforskjell mellom BUN1 og BUN2 må visast på snitt teikning.
8. Det må gjerast greie for korleis kaien skal utførast. Arealet på sjølve kaien bør gå fram på eit målsett situasjonskart.

9. Situasjonsskartet må syne plassering av nausta innafor byggegrense.
10. Det må gjerast greie for utvendige dører i 2 etasje.
11. Det må gjerast greie for om tiltaket stettar Detaljreguleringsplanen for Hamneset § 3.2 med omsyn til vindusareal. (Areal på vindauga skal vere mindre enn 3% av BRA)
12. Kommentar frå søkjar med omsyn til merknader til tiltaket manglar.
13. Administrasjonen viser elles til Detaljreguleringsplan for Hamneset, gbnr. 220/10 m. fl. og gir tiltakshavar merksam på at følgande rekkefølge krav knytt til utbygging av omr. BUN2: «Parkeringsplass f_SPP må vere opparbeid før det vert gjeve ferdigattest for nye bygg (BUN2) i planområdet», jf. § 2.3. Sjå arealplankart:



Området er avsett til 3-4 bilar. Tiltakshavar oppmodast til å sende eigen søknad knytt til opparbeiding av parkeringsplass til kommunen.

Plassering av flytebrygga slik den no er skissert, er ikkje i samsvar med plassering i plankartet. Administrasjonen legg til grunn ved handsaming av søknaden at plasseringa er meint som ein illustrasjon, og er dermed ikkje rettsleg bindande. Omsøkt plassering av flytebrygga er soleis ikkje i strid mot plan for området.

Administrasjonen gjer elles merksam på at det ved gjennomgang av søknaden er lagt til grunn at søknaden skal handsamast som ein Ett-trinns søknad. Det er soleis ikkje tatt stilling til søknad om igangsetting for både heile og/ eller deler av tiltaket. 1 trinn søknad med løyve gjer rett til igangsetting. Om ikkje alle ansvarsområda vert gjort greie for, og ansvarsrettar vert sendt kommunen, kan søknaden om ynskjeleg gjerast om til rammesøknad. De må i tilfelle då søkja om løyve til igangsetting etterpå.

De kan nytte vedlagt kart ved redigering/ supplering av søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart Store Urdal

Mottakarar:

Isdalstø Anleggsservice As
Steinar Mørch

Stølen 9
Burkhovdane 9

5911 ALVERSUND
5914 ISDALSTØ